

Halhjem

Ved botnen av Vargavågen på Halhjem ligg GRØDALSHAUG, ein 30 meter høg bergkulle mellom vågen og eit våtlendt dalsøkk. På sørsida av kollen er ei bratt bergflate, vend mot dalen, myra og bekken. På denne flata finst helleristingar frå bronsealderen.



Helleristingane i Grødalshaug.



Handelsstaden kring hundreårsskiftet.

TEMA: Bønder og busetnad ①37,
Kremmerleier ①105
KART: ④431

I bronsealderen stod sjøen høgare enn no, og båten bar litt lenger inn i vika. Tek du turen rundt vågen, helst på fjøre sjø, og går eit lite stykke i sørvestleg retning, er du brått 3000 år attende i tida. På den loddrette bergflata er det funne 16 figurar og 21 skålgroper. Det er skipsfigurane som dominerer og som pregar ristningsflata. Heile 13 skip kan skiljast ut, somme heile og tydelege, somme forvittra, slik at berre delar av dei er att. Skipa er rita som ei enkel kjølline med bogne stammar og stutte, loddrette strek som kanskje skal markera mannskapet.

Her finst dessutan tre enkle ringfigurar, to av dei med ei skålgrop i midten. Skålgropene er elles spreidde kring på feltet, mellom skipa og ringane, utan noko klart mønster.

Helleristingane på Halhjem høyrer til den gruppa bergkunst som vert kalla jordbruksristningar, og som vert daterte til bronsealderen (1800–500 f.Kr.). Klårt og tydeleg står figurane der og gjev oss litt, men ikkje heilt, innsyn i bronsealderen si magiske verd. Det kan vera

figurar knytte til vekst og grøderikdom vi ser her. Både båtfigurane og ringane, solteikna, er tolka som innhald i slike forestellingar. Etter at fangstfolka i steinalderen vart bufaste, vart det viktig at kornet grodde på åkeren og at buskapen – og folka – treivst. Kanskje var ikkje berre figurane, men også sjølve staden heilag, og her i stilla i skogen, utan vår eiga tid påtrengjande nær, kjem spørsmåla lett: Kven laga figurane? Vart det ofra her ved haugen? Og var her heilage festar og ritual?

Litt lenger framme, i sørleg retning finn vi buplassen under hellerveggen. Her har folk funne ly for vêt og vind. Var det dei same som dyrka dei magiske figurane som budde her? Eller var det fiskarane langt tilbake som søkte ly?

Det får vi kanskje aldri vita sikkert.

Bergarten i Grødalshaugen er kleberstein, og her har vore teke ut kleber i gammal tid. Fleire stader på ristningsfeltet kan ein sjå merke etter steinbryting. □

KVALESUND

Handelsstaden ligg ved ei lun hamn i det smale sundet mellom Innerøy og Ytterøy. I 1730-åra er KVALESUND nemnd som ein nødvendig gjestgjevarstad «For Reisende bønder fra Hardanger, Ous og Strandvig efterdi det er slemme Fiorde på alle Sider og langt Fra andre Hafne». Kring 1800 bygde eigaren FREDERIK SØRENSEN ELHOLM nye hus. Det er dei som står i dag.



Bronsespenne og knappar frå funnet på Døso.

GRAVHAUGANE PÅ DØSO

På gardane DØSO og SKEIE har det vore eit gravfelt med minst 6 haugar – venteleg gravstad for dei fremste menn og kvinner av den slekta som rådde her i hundreåra nærast for vikingtida.

Fire av haugane vart utgravne og granska i åra 1906–07 og sidan restaurerte. Tre av dei finst framleis. Dei fleste haugane vart bruka som gravstad fleire gonger. I den eine var heile fire graver frå ulik tid. Her er både manns- og kvinnegraver. Dei døde har fått med seg smykke, reiskap og bruksting av ymse slag, til liks med mat og drikke. I nokre av gravene har bevaringstilhøva vore slik at også restar av organisk materiale fanst.

På slutten av 500-talet vart ein mann gravlagd i ein haug som var bygd nokre år før. På botnen av steinkista la dei eit lag bjørkenever. Over dette breidde dei ein bjørnefell. På denne vart den døde lagd, sveipt i to ullteppe. Eit tynnare teppe vart breidd over, før grava vart fylt med grønt lauv og bregner. Så vart dekkheller lagde på, og jord kasta over.

Om lag på same tid vart ei kvinne lagd i ein av dei andre haugane. På drakta hennar fanst forgylte hektespenne og fleire andre smykke av sølv og bronse. I beltet hadde ho nøklar og kniv. I høgre handa heldt ho ein lang trestav. I norrøn tradisjon var slike stavar kjenneteikn på omvandrande volver – trolldomskvinner. Vår det ei slik som låg i haugen på Døso?

Bronsenøklar og restar av ein trestav frå Døso.

